



Nynorskprisen for journalistar

Årsrapport 2010

Nyfiken og intellektuell prisvinnar

- Astrid Brekken har i ein kvinnealder vore markant til stades i norsk samfunnsdebatt, på mange arenaer, og heile tida hatt eit særstilt medvite forhold til nynorsk. Ho er ein nyfiken og intellektuell journalist, som er oppteken av korleis vi lever liva våre i både bygd og by, lokalt og internasjonalt. Det finst knapt det emne ho ikkje har laga godt journalistikk av, sa jurymedlem Olaug Nilssen, då ho overrekte Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar til NRK-journalist Astrid Brekken.



Denne nynorskprisen vart delt ut under Dei nynorske festspela i Ørsta 25. juni, der programposten "Medietimen" er den årlege råma kring prisutdelinga. Prisen er på 50.000 kroner og i år var det eit relieff i aluminium som var kunstverket som fylgde med. Relieffet var laga av biletkunstnar og skulptør Geir Hjetland i Balestrand.

- *Det er ei stor glede for meg å stå her, sa prisvinnar Astrid Brekken. I takketalen sin heldt ho fram landsgymnaset på Vinstra, og takka dei for at ho valde å halde seg til landsmål og aldri forlate det. Også arbeidsgjeveren NRK fekk ros for å vere raus med nynorskbrukarane. – I NRK har det aldri vore god tone å tyne nynorskbrukaren, det har på mange måtar vore ein oase, sa Brekken.*

Astrid Brekken tenkte høgt om framtida for nynorsken i NRK i talen sin. Ho meiner at det framleis bør vere normalisert bokmål og nynorsk i nyhendesendingar. Dialektbruk i andre typar sendingar er ok, men då bør dei ha "sin eigen ver varsam plakat" når det gjeld språk. Altså ta vekk det som er vanskeleg for folk flest å skjøne. Ho meinte det er herleg at vi her i landet er stolte over dialektane våre, og at det er aksept for å bruke dei

i mange samanhengar. Nynorsken treng styrkast, sa ho, og gav honnør til opprettinga av NRK Nynorsk mediesenter i den samanhengen.

Finst det ”nynorsk humor”?

Det var det store spørsmålet under debatten i Medietimen, som vart arrangert i samband med prisutdelinga. - Det fins ingen eigen nynorsk humor, kvalitet går heim overalt. Det meinte komikar og tekstforfattar Fredrik Steen. Han meiner det er det same om du snakkar nynorsk eller bokmål dersom du er ein god historieforteljar, men det er viktig å arbeide for å skape dei gode referansane.



Frå venstre: Fredrik Steen, Halvor Folgerø, Agnes Ravatn, Ragnar Hovland og Hilde Sandvik
(Foto: Wenche Eikum/NRK)

Debatten under Dei nynorske festspela hadde meir preg av samtale enn debatt. Samfunnsredaktør Hilde Sandvik i Bergens Tidende var ordstyrar. Saman med Fredrik Steen i panelet, sat journalist Halvor Folgerø, journalist og forfattar Agnes Ravatn og forfattar Ragnar Hovland.

Deltakarane i panelet reflekterte kring temaet nynorsk humor og kor vidt den finst. Noko eintydig svar fekk vi ikkje. Halvor Folgerø trur ikkje det finst lettbeint nynorsk humor, men lettbeint journalistikk finn ein over alt.

Fredrik Steen, kanskje meir kjende som figuren Hildegunn Moltubakk, funderte over årsakene til at figuren var meir levande då han budde i Oslo. Han har ikkje jobba særleg med den sidan han flytta til Ulsteinvik. Kanskje er det fordi du aldri kjenner så nært på heimstaden din som når du er vekke?

Finst det bokmålshumor? spurde Ragnar Hovland. Kva skulle i so fall det vere? Det vert ofte snakka om regionale skilnadar i humoren, som den saftige nordnorske, den ironiske vestlendingen og den nesten usynlege sørlendingen. Han meiner dette er myter, og at det handlar meir om kvalitative skilnadar.

Agnes Ravatn trudde på si side at det finst ein nynorsk humor, kanskje litt nærsynt, men det har ei naturleg forklaring. Nynorsklesande og skrivande søker ofte mot kvarandre, sa ho. Folgerø framheva at alle som brukar nynorsk bør bruke nynorsk i alle samanhengar, og at dei som har "talarstolar" i samfunnet slepp til nynorsken.

Val av prisvinnar

Juryen hadde to korte telefonmøte for å planlegge "Medietimen" 25. juni, og endeleg avgjerd om prisvinnar vart teke på eit møte i Førde 14. mai.

Det kom inn 26 framlegg på 21 namn til Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar i 2010. Juryen vurderte fire kandidatar i finalen. Valet av Astrid Brekken var samrøystes:

Astrid Brekken har i ein kvinnealder vore markant til stades i norsk samfunnsdebatt på mange arenaer, og har heile tida hatt eit svært medvite forhold til nynorsk. I dag er Brekken journalist i NRK P2-programmet På livet laus, og sidan 1971 har ho leia ei rekkje radioprogram i NRK. I periodar har ho også vore leiar for ulike redaksjonar.

Astrid Brekken er fødd i Lesja i 1943. Ho har ein cand. mag. frå Universitetet i Oslo i engelsk, fransk og folkeminnevitenskap, og hovudfag i sosiologi ved New York University (1963-71), og har seinare studert spansk og litteratur same stad (1995-96). Ho har sidan 1976 drive heimegarden i Lesja, det meste av tida med sau, attåt jobben i NRK.

Brekken var blant dei som skapte bladet Sirene i 1973, "eit feministisk alternativ til vekeblada". Ho var redaktør i Syn og Segn frå 1980-1983 (første kvinnelege redaktør saman med Sigrid Straand). Brekken har sete i Norsk språkråd, Alternativ Framtid, vore nestleiar i Norsk Kvinnesaksforeining og styremedlem i Forum for Systemdebatt. Brekken har også gjeve ut fleire sakprosabøker.

Ho er ein nyfiken og intellektuell journalist, oppteken av korleis vi lever liva våre i både bygd og by, lokalt og internasjonalt. Brekken var sentral i samfunnsmagasinet Sånn er livet heilt frå starten i 1984. Det finst knapt det emne Brekken ikkje har teke føre seg og laga god journalistikk av. I dei seinare åra har Brekken konsentrert seg mest om intervju som går i djupna, om menneskeleg åtferd og gjeremål. Ho er svært oppteken av at programma skal bringe både lyttarane og henne vidare, dei skal vere ein annan stad etter radioprogrammet. Naturleg nok var det ho som tok i bruk mottoet for På livet laus: "For deg som vil vidare." Brekken snakkar flytande fransk og engelsk, og kan difor gå i djupna med til dømes filosofar, samfunnsvitarar og forfattarar som vi sjeldan høyrer i norsk media. Ho gjer lyttarane sitt liv rikare gjennom undring, tanke og kunnskap.

Astrid Brekken er eit naturleg førebilete for yngre kollegaer. Ho nyt stor respekt i NRK, utan å framheve eigen kunnskap og dugleik. Men ho har heile tida nytta ein nynorsk med Brekken-signatur: sobert, og med eit svært medvite forhold til tillatne sideformer som høver til dialekten hennar frå Lesja.

Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar går i 2010 til NRK-journalist Astrid Brekken.

Ny frist 1. mars

Juryen har bestemt at fristen for å sende inn framlegg til prisvinnarar skal vere 1. mars frå neste år, to månader tidlegare enn no. Prisen må då lysast ut i februar.

Bakgrunnen er eit ynskje om betre tid til å undersøkje bakgrunnen til innkomne namn, som ikkje alltid er like godt grunngevene, og om mogeleg få inn fleire framlegg.

Prisvinnaren vert offentleggjort når juryen har bestemt seg, og det brukar å vere ein del merksemd kring tildelinga, særleg i nettavisar. I år var det oppslag om både prisvinnar og debatt i lokalavisene i Ørsta/Volda.

Oppstuss om nynorskprisen



To av ti kroner til prisvinner

MEDIER
Kulturdepartementet gir årlig en pris på 60.000 kroner til en nynorsk-journalist. I tillegg bruker departementet mer enn 200.000 kroner til å administrere ordningen.

i tillegg kommer et kunstverk til cirka 10.000 kroner. Resten av det årlige beløpet – eller cirka 80 prosent – går til administrasjon.

«Viktig formål»
– Er det vanlig med administrasjonskostnader som er fire ganger høyere enn prisen?
– Det vil alltid være knyttet administrasjonskostnader til en

– Men det kommer en del kostnader i tillegg. Vi har ingen råflott jury. Det brukes penger til det årlige arrangementet når prisen deles ut. Her brukes det cirka 50.000 kroner. Det går cirka 45.000 kroner til forarbeid og lønn til sekretariatet. I tillegg bruker vi rundt 50.000 kroner til annonser. Vi i juryen møtes bare en gang i året uten overnatting, sier Molvær, som understreker at

23.000 kroner tilbake til departementet, sier juryleder Gry Molvær.

Ikke dyrere
Sekretær for juryen, Magni Øvrebotten, har ikke inntrykk av at denne prisen er dyr.
– Det er Kulturdepartementet som har laget statuttene. Jeg har ikke inntrykk av at noen synes denne prisen er dyrere enn andre

NYNORSKPRISEN
Kulturdepartementets nynorskpris for journalister deles ut hvert Formålet er å fremme bruk av nynorsk i mediene og årlig ære en d journalist som bruker språket, o som er et forbilde for andre.
Prisvinneren skal gjennom si arbeid ha gitt nynorsken status innpass på nye områder.

Dagens Næringsliv hadde 7. oktober eit oppslag om nynorskprisen, med overskrifta ”To av ti kroner til prisvinner”. Dei peika på at prisen var på 50.000 kroner og eit kunstverk, medan det var sett av 275.000 kroner til prisen i statsbudsjettet.

- Det vil alltid være knyttet administrasjonskostnader til en slik pris. Den kostnaden vil variere, sa statssekretær Lubna Jeffery Fjell i Kulturdepartementet til avisa. – I dette tilfellet brukes den til å dekke juryarbeidet, reise og opphold. Departementet mener at denne prisen har et svært viktig formål, nemlig å fremme bruk av nynorsk i mediene og å ære journalister som er forbilder for andre, sa Fjell.

Juryleiar Gry Molvær sa at juryen ikkje er råflott, men at det nødvendigvis kjem ein del kostnader i tillegg. Utlysinga av prisen i avisene kostar vel 50.000 kroner, det same brukar ein på arrangementet kring prisutdelinga, til reiser, honorar og leige av lokale. Førearbeid og sekretariat kostar og rundt 45.000 kroner. Men kvart år har det vorte betalt attende mellom 20.000 – 30.000 kroner til departementet. I år vert det betalt attende vel 20.000 kroner.

Førde 11. 11. 2010
Magni Øvrebotten